



Utval: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg
Møtestad: Hamaren Fyresdal Næringshage
Dato: 07.02.2019
Tid: 08:30

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 1/19	Referatsaker
---------	--------------

PS 2/19	Trafikktryggleik - ungdomstilbod
---------	----------------------------------

PS 3/19	Fordeling av budsjettrammer innanfor OKO sitt ansvarsområde
---------	---

Fyresdal 28. januar 2019

Ingunn Lauvrak
utvalsleiar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 1/19 Referatsaker

RS 1/19 Orientering frå administrasjonen

RS 2/19 Retningslinjer og rutiner om tildeling av idrettstipend

RS 3/19 Svar på søknad om støtte til Krafftak mot kreft 2019

RS 4/19 Internkontroll tobakk - Spar Fyresdal

RS 5/19 Internkontroll tobakk - Moland Auto

RS 6/19 Internkontroll tobakk - Joker Grunnvik

RS 7/19 Internkontroll tobakk - Heggland daglegvare

RS 8/19 Internkontroll tobakk - Bondal Motor AS

RS 9/19 Salskontroll tobakk - Bondal Motor AS

RS 10/19 Salskontroll tobakk - Joker Grunnvik

RS 11/19 Salskontroll tobakk - Heggland daglegvare

RS 12/19 Salskontroll tobakk - Moland Auto

RS 13/19 Salskontroll toakk - Spar Fyresdal

RS 14/19 Internkontroll alkohollova - Joker Grunnvik

RS 15/19 Internkontroll alkohollova - Heggland daglegvare

RS 16/19 Internkontroll alkohollova - Spar Fyresdal

RS 17/19 Kontrollrapportar salsløyve - Heggland daglegvare

RS 18/19 Kontrollrapport salsløyve alkohol - Spar Fyresdal

RS 19/19 Kontrollrapportar salsløyve - Joker Grunnvik

RS 20/19 Skjenkekontroll 09.11.2018 - Meieriet

RS 21/19 Skjenkekontroll 30.11.2018 - Meieriet

RS 22/19 Skjenkekontroll Meieriet 15.12.2018

RS 23/19 Skjenkekontroll 09.11.2018 - Roan Kroa

RS 24/19 Skjenkekontroll Roan Kroa 15.12.2018

RS 25/19 Svar på søknad om endring av skjenkestad 26.12.18



Saksframlegg

Trafikktryggleik - ungdomstilbod

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	2/19	07.02.2019
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Dokument i saka:

- Mail frå Fyresdal Ungdomsråd datert 4. desember 2018.

Bakgrunn for saka:

I samband med haldningsskapande arbeid som er sett i gang i Fyresdal kommune har det kome fleire innspel frå fleire hald om at det er ynskjeleg å få til ei ordning kor ein kan kome trygt heim på kveld/natt i helgar. Ordninga heiter «Heim for ein 50 lapp». Ordninga er i nokre fylke organisert via fylkeskommunen, og er ikkje spesielt dyr å drive eller administrere heiter det frå Ungdomsrådet..

Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022 der det heiter:
Oppretthalde arbeidet med haldningsskapande og rusførebyggjande tiltak.*

Målet med ordninga er:

- Trafikktryggleik – få ungdom heim på kveld og nattetid i helgane på ein trygg og god måte
- Gi ungdom i distrikta eit transporttilbod lik det ungdom i Byane har
- Gi ungdom gode vanar for bruk av kollektivtransport

I Sogn og Fjordane gar fylkeskommune oppretta eit ungdomstilbod dei kallar Kringom. Dette er delt i tre:

1. Trygt Heim
2. Ungdomskort
3. Lokaltransport for ungdom (LTU)

Trygt heim er eit busstilbod der det går buss ut til grendene etter fastsett rute og tid, t.d. kl. 12.00 frå eit bygdesentrum.

Transporttilbod for ungdom i helgane er mykje bruka i mange fylkeskommunar.

I Møre og Romsdal er 27 kommunar med i ordninga og i Sogn og Fjordane har dei fleire ordningar for ungdommen. «Trygt heim for ein 50-lapp» er eit tilbod som er ope for alle, men spesielt retta mot ungdom mellom 16 og 24 år. Målet med «Trygt heim for ein 50-lapp» er å få ungdommane trygt heim på kveld- og nattetid. «Trygt heim for ein 50-lapp» går kvar natt til

søndag heile året. I tillegg går den natt til 1. mai, natt til 17. mai og natt til 3. juledag frå ulike tettstadar i fylket. Rutene er lagt opp til å vere både faste- og bestillingsruter. Reisande under 30 år betalar kr. 50,- medan dei over 30 betalar kr. 100. Reisande under 30 år har plassgaranti.

Ungdomskortet er ei kjent ordning for Telemark og fungerer slik eg kjenner til det godt. Ordninga blir difor ikkje omtalt her,

Den tredje ordninga som gjeld for Sogn og Fjordane er lokaltransport for ungdom (LTU). Fylkeskommune har sett av 1 million kr som kommunane kan søkje på i samarbeid med Ungdomsrådet i Sogn og Fjordane.

Dette da det vanlege kollektivtilbodet er begrensa på ettermiddagar og sein kveldstid. Derfor kan det vere vanskeleg for ungdom å bruke det vanlege kollektivtilbodet til og frå fritidsaktivitetar. Fylkeskommune har gjennom dette tilbodet lagt til rette for eit betre skysstilbod til/frå fritidsaktivitetar og har spesielt tanke på heimskyss om kvelden både i helgane og kvardagane.

I Fyresdal kommune har ein vore svært opptatt av å få ungdom trygt heim når dei ferdast ute, spesielt på kveld/natt, i tilknytning til helg og spesielle arrangement der mykje ungdom samlast.

Fyresdal kommune har i dag eit tilbod om transport heim frå fritidsklubben på fredagane. Det er nå oppretta ein «drosjesentral» i eit kommunalt bygg der drosjesjåførane kan vere tilgjengeleg ved større ungdomsarrangement. Dette er tilbod som gjer det noko lettare for ungdom å kjenn seg trygge og som kan redusere køyring av sjåførar som er påverka av rus.

I ei spørjeundersøking som vart gjennomført ved eit større folkearrangement nå i haust var nettopp dette med å få ungdom heim trygt på kveld og natt påpeika av svært mange.

Oppmodinga som Ungdomsrådet kjem med er difor svært godt fundamentert og mange foreldre vil nok kjenne seg att og stø opp om ei slik oppmoding dei kjem med. Det er også eit godt signal at det er ungdomen som sjølv kjem med forslaget og dette er med på å sikre at slike tilbod som er innført i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordsdane fylkeskommunar vil virke også i Telemark.

Slike ordningar er ikkje gratis, men i forhold til samfunnet sine kostnadar og menneskjelege lidningar med alvorlege ulykker er det å førebyggje og redusere talet på ulykker ei ubetinga gode for alle partar.

Konklusjon:

Fyresdal kommune oppmodar Telemark fylkeskommune til å ta kontakt med andre fylkeskommunar for å sjå på ordningar dei har gjort for å opprette gode tilbod, spesielt retta mot ungdom, for å få dei trygt heim om kveld og natt når ordinære rutetilbod ikkje er i drift.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune oppmodar Telemark fylkeskommune til å utvide ordninga med ungdomskort slik at ungdom kan kome seg trygt heim på ein rimeleg måte når ordinære rutetilbod ikkje er i drift.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann

**Saksframlegg****Fordeling av budsjetttrammer innanfor OKO sitt ansvarsområde**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	3/19	07.02.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: OKO-utvalet**Dokument i saka:**

Økonomiplan 2019 – 2022 og årsbudsjett 2019 for Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

I økonomireglemenetet i Fyresdal kommune står det:

*Hovudutvala vedtek budsjettet for sine ansvarsområde med utgangspunkt i innstilling og vedtak i kommunestyret, seinast i fyrste møte i budsjettåret. Hovudutvala skal vedta netto rammer på ansvarsområde med 3 siffer i ansvar.***Vurdering:***Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022:vi brukar det økonomiske handlingsromet.*

Samla har budsjetttramma for OKO-utvalet auka med kr 585 000 frå fjoråret, og ein har valgt å lage ei samlesak på fordelinga då fleire av avdelingane har heile si ramme på eit ansvarsområde med 3 siffer.

Delinga av omsorgstenesta i fleire avdelingar har vore gjort skjønnsmessig og kan føre til at rammene mellom desse avdelingane må justerast i løpet av året når ein får erfaringstall gjennom året.

		Budsjett 2018	Budsjett 2019
Avdeling Helse og omsorg			
122* Helse	Lønsutgifter	8 044 000	7 799 000
	Driftsutgifter	957 000	1 186 000
	Inntekter	-2 896 000	-2 906 000
	Netto	6 105 000	6 079 000
123* Heimeteneste/TTF			
	Lønsutgifter	16 287 000	15 787 000
	Driftsutgifter	986 000	986 000
	Inntekter	-4 867 000	-4 867 000
	Netto	12 406 000	11 906 000
Avdeling pleie og omsorg			
123* Institusjon	Lønsutgifter	17 580 000	18 438 000
	Driftsutgifter	944 000	944 000

	Inntekter	-3 968 000	-3 968 000
	Netto	14 556 000	15 414 000
Avdeling for kjøkken og vaskeri			
123* Kjøkken og vaskeri	Lønsutgifter	2 890 000	2 894 000
	Driftsutgifter	1 115 000	1 079 000
	Inntekter	-621 000	-581 000
	Netto	3 384 000	3 392 000
Avdeling for skule og kultur			
124* Undervisning	Lønsutgifter	21 909 000	23 502 000
	Driftsutgifter	5 491 000	5 119 000
	Inntekter	-3 369 000	-4 607 000
	Netto	24 031 000	24 014 000
126* Kultur	Lønsutgifter	1 920 000	1 969 000
	Driftsutgifter	1 055 000	1 069 000
	Inntekter	-328 000	-361 000
	Netto	2 647 000	2 677 000
127* Bibliotek	Lønsutgifter	737 000	738 000
	Driftsutgifter	348 000	347 000
	Inntekter	-213 000	-222 000
	Netto	872 000	863 000
Avdeling for barnehage			
125* Barnehagen	Lønsutgifter	8 495 000	8 586 000
	Driftsutgifter	389 000	469 000
	Inntekter	-1 621 000	-1 551 000
	Netto	7 263 000	7 504 000

Konklusjon:

Budsjettet er fordelt i tråd med intensjonane i budsjettarbeidet for 2019.

Innstilling frå rådmannen:

Fordeling av budsjetttrammene i OKO sitt ansvarsområde for 2019 vert fylgjande:

		Budsjett 2019
Avdeling Helse og omsorg		
122* Helse	Lønsutgifter	7 799 000
	Driftsutgifter	1 186 000
	Inntekter	-2 906 000
	Netto	6 079 000
123* Heimeteneste/TTF	Lønsutgifter	15 787 000
	Driftsutgifter	986 000
	Inntekter	-4 867 000
	Netto	11 906 000
Avdeling pleie og omsorg		

123* Institusjon	Lønsutgifter	18 438 000
	Driftsutgifter	944 000
	Inntekter	-3 968 000
	Netto	15 414 000
Avdeling for kjøkken og vaskeri		
123* Kjøkken og vaskeri	Lønsutgifter	2 894 000
	Driftsutgifter	1 079 000
	Inntekter	-581 000
	Netto	3 392 000
Avdeling for skule og kultur		
124* Undervisning	Lønsutgifter	23 502 000
	Driftsutgifter	5 119 000
	Inntekter	-4 607 000
	Netto	24 014 000
126* Kultur	Lønsutgifter	1 969 000
	Driftsutgifter	1 069 000
	Inntekter	-361 000
	Netto	2 677 000
127* Bibliotek	Lønsutgifter	738 000
	Driftsutgifter	347 000
	Inntekter	-222 000
	Netto	863 000
Avdeling for barnehage		
125* Barnehagen	Lønsutgifter	8 586 000
	Driftsutgifter	469 000
	Inntekter	-1 551 000
	Netto	7 504 000

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef